

Liste over ettersøksekvipasjar/hundeførarar som er med i Hardanger og Voss ettersøkslag under hjorteviltjakta hausten 2019

Orienter deg på lista før jakta startar og ta eventuelt bilete av telefonnummera og desse råda så har du dei klar ved skadeskyting. Ved skadeskyting, kontakt fyrst den ekvipasjen som er **nærast** geografisk. Dersom du ikkje oppnår kontakt, gå straks vidare på lista inntil du får kontakt med ein ekvipasje.

Hundeførar	Adresse	Telefon
Voss		
Oddvar Mørkve	Myrkdalsvegen 708, 5713 Vossestrand	97532087
Ronny Jordalen	Bjørnshovden 24, 5708 Voss	95856888
Ingmar Slettemark	Raundalsvegen 815, 5706 Voss	95709271
Ivar Norheim	Harabåsen 19, 5707 Evanger	41563208
Granvin		
Endre Velken	Kjerlandsvegen 88, 5736 Granvin	99497542
Ulvik		
Bård Fleten	Vambheimsvegen 30, 5730 Ulvik	47299051
Arnt Inge Lekve	Osavegen 47, 5730 Ulvik	90945631/40007122

Råd til jegerane om korrekt oppførsel ved skadeskyting

Skadeskyting kan skje for alle, men god førebuing til jakta, og rett oppførsel før og etter skotet har mykje å seia for å unngå uhell, og ikkje minst utfallet av eit ettersøk. Påskotne dyr skal sjåast på som skada inntil det motsette er bevist. Sjølv om det ikkje vert funne blod eller andre sporeteikn som syner at dyret er treft, kan dyret likevel vere alvorleg skada.

Studer kjønn, alder og utsjånad: Ved ettersøk er det vesentleg å vita kva for eit dyr som er påskote. Dersom det er fleire dyr, kor mange. Studer difor kjønn, alder og utsjånad før du skyt. Etterpå kan det verta lita tid til det.

I skotaugneblinken, tenk alltid sikkerheit: Prøv å sjå kva kula treff. Hald augna opne når skotet går. Legg merke til korleis dyret reagerer. Skotreaksjonen kan fortelje ein del om kor dyret er treft. **Etter skotet:** La straks om og ver klar til nytt skot. Hald deg i ro. Lat ikkje dyret sjå deg. Skot skremmer ikkje dyret særleg, men lukt, lyd og syn av menneske får dyra til å rømme. **Når viltet går vidare:** Forsøk straks å få inn eit nytt skot. Sjå på klokka og vent ca. 10 – ti minutt. Dyret gjer ofte uventa ting etter skotet, kanskje kjem det attende til skotplassen. Dersom ikkje, høyrer du kanskje kva for veg det tek, eller om det dett. Merk staden der du stod då du skaut, før du går fram. Merk staden dyret stod da du skaut. Undersøk skotplassen utan for mykje trakking rundt. Følg flukttretning **maks 50 m**, utan å trakke i sporet. Skada dyr går som regel ikkje langt før dei legg seg i sårlege. Vert dyret støkt ut or sårlege, kan det gå langt.

Vert ikkje dyret funne etter 50 m søk.

Tilkall ettersøksekvipasje:

Forsøk **ikkje** med ein **utrena** hund. Sjansen for å lukkast med ein godkjent ettersøkshund seinare vert då svekka.

Denne informasjonen skal kvar einskild jeger ha utdelt frå valdet/jaktfeltet. Jeger/jaktlag som har skadeskote storvilt, skal ikkje oppta jakt eller påskyte nye dyr mens ettersøk pågår.

Dersom pliktig ettersøk første dag er utan resultat, skal jeger eller jaktlag utan opphald underretta jaktrettshavar og kommunen eller næraste politimyndigheit om dei faktiske forhold. Jeger/jaktlag som har delteke ved skadeskyting plikter å hjelpa til under ettersøka utan godtgjersle, jfr. § 27, forskrift om utøving av jakt og fangst.

Me hundeigarar har pålagt oss sjølve teieplikt når det gjeld eit kvart ettersøk, så det er ingen fare med å kontakte oss.